

Stord kommune, Regulering, byggesak og oppmåling
Postboks 304
5402 Stord

Stord 03.01.2024

Merknadar til Detaljregulering for kollektivterminal Leirvik, GNR/BNR 38/285 MFL., PLANID 202105

Stord Næringsråd takkar for høvet til å komme med innspel til reguleringsplanen for ny kollektivterminal.

Vi er positive til etablering av ny kollektivterminal for å betre tilhøva for kollektivreisande og ferdslar for mjuke trafikantar. Ei samling av buss og taxi, med høve til sykkelparkering er gunstig. Vi legg til grunn at det vert gode løysingar for både mjuke trafikantar og biltrafikk gjennom Leirvik sentrum.

Parkeringstilhøva i sentrum er til dels krevjande om ein ser vekk frå parkering hjå Amfi. SNR meiner ei realisering av parkeringshus over kollektivterminalen er naudsynt. Tiltaket vil føre til reduksjon av parkeringsplasser rundt SKE-bygget. Desse må kompenseras for i nytt parkeringshus. I tillegg bør parkeringshuset dimensjoneras opp slik at bilparkering i Sæ og på torget vert flytta inn. Dette frigjorte parkeringsarealet kan vidare nyttast til næring, park, offentleg rom eller anna til nytte og glede for innbyggjarane på Stord.

SNR meiner det må leggest til rette for kundevenleg næring og handel i tiltaket. Bygg, fasadar og publikumsareal må få eit tiltalende ytre slik at folk ønskjer å vere der, ønskjer å handle der og bruke parkeringsplassane for å nytte dei gode tilboda som alt er i denne delen av sentrum.

Tiltaket vil i noko grad gå utover eksisterande næring. SNR legg til grunn at Stord kommune er i god dialog med verksemdar og naboar for å komme fram til gode løysingar. Dette vil og gjelde i byggefase. Det må leggest opp til at verksemdar har god tilkomst så langt det lar seg gjere og ikkje minst at det er god og hyppig kommunikasjon mellom naboar og utbyggjar.

I trafikkanalysen som ligg ved står det å lese at dersom tverrsambandet Øvre Sæ – Ådlandsvegen/Tysevegen vert bygd, vil om lag 1/3 av trafikken gjennom sentrum gå der og ut på E39. Det hadde vore ein fordel om dette prosjektet var opna før ein gjekk i gang med stengingar i sentrum. Dette er uansett to viktige prosjekt for samferdsla på Stord.

Vi reknar med at kvalitetane som er skildra i Miljøgateplanen vert fylgt opp i dette tiltaket. Dette vil vere med på å utvide sentrum og skape eit trivelegare bybilette. Vi vonar det vil planleggast vidare med miljøgata ut over dette tiltaket.

Lukke til i vidare arbeid. SNR ønskjer å vere involvert og komme med innspel når det er høve for det.

Med venleg helsing

Torbjørn Brosvik
Dagleg leiar